





## Utbetring av fylkesveg 571 mellom Kringla og Furubotn i Gulen og Masfjorden Godkjenning av grunneigaravtale og kommunal finansiering inn i prosjektet

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
049/23	Formannskapet	17.08.2023
058/23	Kommunestyret	31.08.2023

### Behandling i Kommunestyret 31.08.2023

#### Handsaming og røysting

Vedk. X i 2. punkt i framlegg frå formannskapet:

Kommunestyret sluttar seg til nytt framlegg til pkt. 2 frå ordførar;  
kommunen går inn med tilskot inntil kr 3 mill.

#### Røysting

Framlegg frå formannskapet med nytt framlegg til pkt.2 frå ordførar:  
Samrøystes vedteke.

### Vedtak i Kommunestyret KOM sak 058/23

1. Kommunestyret godkjenner vedlagte avtaler om grunnkjøp
2. Kommunestyret godkjenner framforhandla avtale med Vestland fylkeskommune, kring vidare vegutbetringar langs fv. 570, kor kommunen går inn med tilskot inntil kr 3 mill.
3. Finansiering av prosjektet vert å ta stilling til ved behandling av økonomirapport for 2. tertial 2023.

Vedlegg	Dok.ID
Offentleg variant - underskriven kjøpsavtale vegareal gbnr. 122/1 Kringla	299924
Offentleg variant - underskriven kjøpsavtale vegareal gbnr. 122/2 Kringla	299927
Underskriven kjøpsavtale vegareal gbnr. 122/3 Kringla	299910
Underskriven kjøpsavtale vegareal gbnr. 122/4 Kringla	299911
Utkast avtale Punktutbetring Kringla i Gulen kommune	300878

**Bakgrunn for saka:**

I samband med planane til Statens Vegvesen for oppgradering av Jernfjell og Skrikeberg tunnelen langs E39 fekk Masfjorden kommune tilbod på inntil 5000 m<sup>3</sup> tunnelstein. det teke initiativ å nytta steinmassane til utbetringar langs fylkesvegen i området mellom Kalhovda og Kringla. Masfjorden kommune har engasjert ein konsulent til å prosjektere/ planleggja utbetringar på fire stadar på denne strekninga.

Dei aktuelle fire stadane er på følgjande stadar:

- Furubotn, på gnr. 43 bnr. 2 (Masfjorden)
- Furubotn, på gnr. 43 bnr. 4 (Masfjorden)
- Furubotn, på gnr. 43 bnr. 3 (Masfjorden)
- Kringla, gnr. 122 bnr. 3 og 4. (Gulen)

*(Oversikt over aktuelle stadar er henta frå Masfjorden kommune si handsaming av sak frå september 2022.)*

Ordførar i Masfjorden har vore i dialog med Vestland fylkeskommune og med ordførar i Gulen kommune, der temaet har vore desse utbetringane og eventuelt spleiselag for å få dette finansiert.


I Formannskapsmøte 29.09.2022 orienterte ordfører om saka. Frå møteprotokoll: «*Samfinansiering med Masfjorden kommune om utbetring fylkesveg 570. Møteplassar på Gulensida. I første rekke kjøp av grunn kr 50-60.000. Andre kostnader vil komme til. For framdrift i prosjektet hastar det å få ei avklaring på om Gulen deltek.*»

Vedtak i Formannskapet FSK sak 066/22: «*Formannskapet meiner Gulen kommune må delta i prosjektet. Finansiering vert avklart i samband med tertialrapportering.*»

**Saksvurdering og konklusjon:**

Dei framforhandla avtalane knytt til vegutbetring i Gulen dekkjer areal på gnr. 122, bnr. 1, 2, 3 og 4. Samla areal er skissert til 5,4 mål. Samla kostnad kjøp av areal er kr 53 500.

Områda er markert i skissa:



I eit kostnadsoverslag kommunen har motteke frå Vestland fylkeskommune er det skissert at det vil koste ca. 4,8 mill. eks mva å bygge ut resten av vegstrekket på Kringla. Av dette, utgjer asfaltering ca. 2,0 mill. eks mva.

Byggherrekostnader er ikkje inkludert. Dette er totalkostnadane, og vert grunnlag for ei fordeling mellom kommune og fylke.

Utover dette har Gulen kommune motteke ei faktura på kr 10 000 på leige av lagringsplass, Kringla gnr 122 bnr 3 i perioden november 2022 - juni 2023.

Administrasjonen har p.t ikkje oversikt over kva utbetringa vil koste samla sett. Vi har m.a. ikkje kjennskap til om Masfjorden evt har eit krav mot kommunen knytt til utgifter i prosjektet.

Det hastar imidlertid å få ei formell avklaring på prosjektet i Gulen kommune. Arealet er greve av og klargjort for sprenging. Dersom politisk nivå tenker at prosjektet bør prioriterast no må det skje med ei viss grad av økonomisk usikkerheit.

Ordfører vil forhandle fram avtale med fylkeskommunen, men grunna ferieavvikling er ikkje dette arbeidet i mål. Ordfører tek sikte på å forhandle fram ein avtale innan saka skal slutthandsamast i kommunestyremøtet 31.8.

Masfjorden kommune sin avtale med fylkeskommunen omfattar følgande:

- *alle forberedande arbeider for å klargjere området før fyllingsarbeida kan starte*
- *opplasting og transport av stein, samt mottak og etablering av steinfylling til og med planum.*
- *oppsetting av nytt gjerde der det er avtalt i grunnavtaler.*
- *forlenging av overvannsgrøfter / stikkrenner*
- *planering og tilstelling av vegskråningar / sideterreng*
- *evt. tilpassingar av eksisterande rekkverk.*
- *vegoppbygging (frå og med forsterkningslaget) og ferdigstilling av veg*

Det er venta at ein avtale for det arbeidet som skal skje i Gulen vil omfatte det same.

Denne saka handlar om å få på plass fleire utbetringar langs fylkesveg 571. Fylkesvegane er fylkeskommunen sitt ansvar, og ikkje ei kommunal oppgåve i utgangspunktet. Kommunedirektøren vil vise til at det er mange prosjekt som er ønskjeleg å få på plass, og som har høgare prioritet i trafikksikringsplanen. På den andre sida har kommunen hand om gratis steinmassar, no mellomlagra på Kringla. Det er difor føremålstenleg å prioritere utbetring av dette strekket no.

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

1. Kommunestyret godkjenner vedlagte avtaler om grunnkjøp
2. Kommunestyret godkjenner framforhandla avtale med Vestland fylkeskommune, kring vidare vegutbetringar langs fv. 570, kor kommunen går inn med tilskot inntil kr x.
3. Finansiering av prosjektet vert å ta stilling til ved behandling av økonomirapport for 2. tertial 2023.

#### **Tidlegare behandlingar:**

##### **Behandling i Formannskapet 17.08.2023**

##### **Handsaming og røysting:**

##### **Røysting**

Framlegg frå kommunedirektøren: Samrøystes vedteke

#### **Vedtak i Formannskapet FSK sak 049/23:**

1. Kommunestyret godkjenner vedlagte avtaler om grunnkjøp
2. Kommunestyret godkjenner framforhandla avtale med Vestland fylkeskommune, kring vidare vegutbetringar langs fv. 570, kor kommunen går inn med tilskot inntil kr x.
3. Finansiering av prosjektet vert å ta stilling til ved behandling av økonomirapport for 2. tertial 2023.